

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Sissel J. Johannessen
Arkivsaksnr.: 16/2464 - 18

Arkiv: B36

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage

PARTNARSKAP MOT MOBBING

Bakgrunn for saka:

Med bakgrunn i statsminister og regjeringa sitt initiativ til eit Partnerskap mot mobbing, vedtok hovudutvalet 26.06.16 ein plan for oppfølging av Partnerskap mot mobbing i Klepp.

Hovudutvalet ba den gong om å få ein kort rapport på siste møte våren 2017.

Lokale partnerskap og aktivitet i krinsane

Målet med å danne lokale partnerskap er få ulike aktørar i lokalsamfunnet til å arbeide saman for å skape gode, trygge og mobbefri oppvekstmiljø. På skulane blei rektor, tillitsvald, FAU og elevråd bedt om å danna partnerskap. I barnehagen blei ansvaret gitt til styrar og FAU. Kick-off for å danna partnerskap skjedde på Bø skule i Hå kommune 30.november med føredrag av Marco Elsafadi. Dette var eit felles arrangement for skular, barnehagar, føresette, lag og organisasjonar i Hå og Klepp.

Etter samlinga på Bø skule har det vore møte i alle skulekrinsane. Dei fleste har hatt to møte og mange har avtalt nye møte til hausten.

Kva har så skjedd? Her er eit lite eksempel henta frå krinsar, skular og barnehagar:

Tu krins

- Føredrag med Marco Elsafadi 19.04. – der også foreldre og tilsette ved Horpestad skule og Orre skule var inviterte.
- Tatt bilde av alle barna i Tjøttaparken barnehage, Tu barnehage og Tu skule utforma som eit hjarte. Skal brukast som logo i det vidare arbeidet.
- Utforma ein digital plakat som inneheld felles haldningar blant foreldre i krinsen.

Horpestad krins

- «Det viktigaste arbeidet vårt er å få til ei haldningsendring – å få alle til å bry seg.»
- Aktivitetskveld 13.juni

Orstad skule:

- Konsert i kyrkja for alle elevar og foreldre.
- Trivselsleiarar i friminutt.
- 15 benker er sett opp i skulegarden. To av desse skal bli «vennebenker»

Steingarden og Storhaug barnehage

- Arrangert felles møte for foreldre og tilsette der temaet var mobbing.

Markå barnehage

- Tema på foreldremøte der vi diskuterte kva foreldre kan bidra med for å førebygge mobbing. Alt frå bursdagsfeiring, retningslinjer for å ta venner med seg heim og korleis ein kan bidra til å få alle familiar inkludert i fellesskapet.

Vasshus krins

- Danna lokal komité og utarbeidd lokal avtale.

- Felles arrangement for barn, elevar og tilsette i juni/september.
- Temakveld for alle vaksne i oktober

Elevrådet ved Bore ungdomsskule:

- Vist mobbefilmar og hatt rollespel for klassane.
- Underskriving av plakaten «Partnarskap mot mobbing». Plakaten heng i klasseroma.
- Elevrådet har hatt fokus på spreia glede på skulen. Dei har laga eigen «Gleding-plakat» som heng i klasseromma.
- Arrangerer kvart år fotballturnering for alle klassane for å skape samhald og trivsel.
- Har laga havregraut til elevane, eitt trinn om gongen. Dette har vore eit svært vellukka trivselstiltak.

Vedlegg:

- Utskrift frå møtebok 26.05.16

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Hovudutval for skule og barnehage tar rapporten til orientering.

Rådmannen i Klepp 06.06.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.